



## ULLA SKULEHUS Reglar for utleige

Vedtak på årsmøte 27. mai 2017

### 1. KVEN KAN LEIGE SKULEHUSET - ANSVAR

Ansvarleg person som skal leige skulehuset, må vere over 20 år. Den som er ansvarleg person, må passe på god orden og åtferd i og rundt skulehuset i leigeperiden. Den som leiger skulehuset, er ansvarleg for skade som måtte oppstå på huset eller inventar. Eventuell skade skal erstattast.

### 2. PRISLISTE – BETALING AV LEIGE

Leige av lokalet til selskap, arrangement: kr 1000. Medlemmer: kr 500.  
Leiga skal betalast på forskot til bankkonto 3910 37 31368. Eller VIPPS: Ulla Skulehus.  
Bruk av alt utstyr på kjøkenet er inkludert i husleiga.

### 3. FØR BRUK

Sjekk opp at alt er i orden før du tek i bruk lokalet. Eventuelle manglar skal meldast til utleigar.

### 4. ETTER BRUK

Bord, stolar og benkar skal reingjerast, stablast og setjast på plass. Klasserom, kjøken, gang og wc skal vaskast og ryddast. Leigetakar skal passe på at alt lys og varmovnar er slått av og at utdøra er låst. Utstyr til reingjering står på wc-rommet. Leigetakar må sørge for at all oppvask på kjøkenet er utført.

### 5. SØPPEL

Alt søppel skal samlast i søppelsekkar og tømast i avfallsdunkar ved småbåthamna.

### 6. ALKOHOL OG RØYK

Det er ikkje lov å selje alkoholhaldig drikke på skulehuset. Røyking er forbode inne. Bruk askebeger ute.

### 7. LYKJEL

Lykjel blir utlevert etter avtale. Den skal leverast tilbake så snart arrangementet er ferdig og pliktene i desse reglane er oppfylte.

### 8. AVSLUTNING AV ARRANGEMENT

Alle arrangement skal avsluttast kl 0200 på fredagar og laurdagar, og kl 2400 andre dagar.